



DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Deres ref
2020/73075-3

Vår ref
20/38-136

Dato
5. januar 2021

Drosjetilbudet i distrikta - fråsegn frå Vestland fylkesting - pasientreiser

Samferdselsdepartementet viser til brev av 1. oktober 2020 frå fylkesordføraren i Vestland til Samferdselsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kommunal og moderniseringsdepartementet om fråsegn frå fylkestinget i Vestland om drosjetilbudet i distrikta.

Departementet har merka seg bekymringa fylkestinget gir uttrykk for når det gjeld det framtidige drosjetilbudet i distrikta.

Fylkeskommunane er nærast til å vurdere behovet for drosjetransport i sitt område; kva som er eit nødvendig tilbod og korleis eit slikt tilbod kan sikrast innafor dei rammene som er satt. Fylkeskommunane kan mellom anna vurdere drosjetilbudet opp mot anna transporttilbod lokalt og regionalt.

Fylkeskommunane har i den nye drosjereguleringa, som i den tidlegare reguleringa, fått verktøy til å sikre eit tilfredsstillande drosjetilbod. Fylkeskommunane kan, når det er nødvendig, tildele einerettar i kommunar med mindre enn 20 000 innbyggjarar og lågare befolkningstettleik enn 80 innbyggjarar per km². Tildeling av einerettar kan kombinerast med økonomisk kompensasjon for tenesta.

Fylkeskommunane og helseføretaka kan i utgangspunktet kjøpe drosjetenester som tidlegare. Dei må no ikkje lenger kjøpe tenestene i ein monopolmarknad. Einerettane er ei moglegheit for fylkeskommunane til å sikre tilbodet lokalt i enkeltturmarknaden når marknaden ikkje gjev eit nødvendig tilbod på kommersielle vilkår. Fylkeskommunane må tildele einerettar i kontrakt, og kan stille krav til løyvehavarane i kontrakten.

Fylkeskommunen kan, innanfor gjeldande rammeverk, samordne tildeling av einerettar i enkeltturmarknaden med kjøp av skoleskyss. Fylkeskommunane og helseføretaka kan i fellesskap vurdere å samordne einerettar og kjøp av skoleskyss med kjøp av

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikksikkerhetsavdelingen

Saksbehandler
Anne-Lise Junge
Jensen
22 24 81 29

pasienttransport. Departementet er klar over at samordning på tvers av forvaltningsnivå kan gje nokre utfordringar, mellom anna fordi det kan ligge ulike omsyn bak innrettinga av ulike kjøp og tildeling av einerettar. Vi oppmodar likevel til å vurdere moglegheitene for slik samordning. Det vil vere opp til ansvarlege styresmakter å finne løysingar som passar lokalt.

Som fylkestinget oppmodar til, følgjer departementet nøye med på utviklinga i drosjemarknaden, og har dialog med fylkeskommunane. Det er og lagt opp til tett kontakt med næringa framover. Departementet vurderer fortløpande behovet for å ta ytterlegare grep for å sikre eit tilfredsstillande drosjetilbod - og for grupper med særlege behov. Det er lagt opp til evaluering av regelverket 3 år etter at det trådde i kraft.

Departementet understrekar til slutt at fylkeskommunane må følgje opp ansvaret for å sikre eit nødvendig drosjetilbod både i normalsituasjonar og i beredskapssituasjonar.

Med helsing

Lasse Lager (e.f.)
avdelingsdirektør

Anne-Lise Junge Jensen
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

Agder fylkeskommune
Innlandet fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Oslo kommune - Byrådsavdeling for miljø og samferdsel
Rogaland fylkeskommune
Troms og Finnmark fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vestfold og Telemark fylkeskommune
Viken fylkeskommune

Fra: postmottak SD (postmottak@sd.dep.no)

Sendt: 05.01.2021 13:44:03

Til: Vestland fylkeskommune

Kopi:

Emne: 20/38 Drosjetilbudet i distrikta - fråsegn frå Vestland fylkeeting - pasientreiser

Vedlegg: Drosjetilbudet i distrikta - fråsegn frå Vestland fylkeeting - pasientreiser .pdf

Se vedlagte saksdokument:

Med hilsen

Samferdselsdepartementet